

---

Saksnr: 2020/45667-14  
Saksbehandlar: Roald Breistein

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Fylkesrådmannen orienterer om klage på ferjetilbod til Austevoll

**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå fylkesrådmannen om «Klage vedrørende ferjetilbod til Austevoll kommune» til orientering.
2. Kontrollutvalet går ikkje vidare med saka men seier seg ferdig med den.
3. Det vert likevel vist til punkt 3 i vedtak frå møte 21.04.2020 der kontrollutvalet vedtok å ta henvendinga med seg som eit innspel i risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) som skal ligga til grunn for plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024.

**Samandrag**

Føremålet med denne saka er å vurdere om dette er ei sak som kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune skal involverer seg i.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorråddevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Til Kontrollutvalget - følgebrev og vedlegg
- 2 Svar på spørsmål om Ferjetilbodet i Austevoll FRM HfK - mai 2019
- 3 Ferjetilbodet til Austevoll. Saksutgreiing til kontrollutvalet

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Sekretariatet mottok «Klage til kontrollutvalet, Vestland fylke, vedrørende feregitilbudet til Austevoll kommune over sambandet Krokeide-Hufthamar» frå Terje van der Meeren og Karsten Eriksen dagsett 12.03.2020, jf. vedlegg 1.

På bakgrunn av dette sende vi slikt spørsmål til Terje van der Meeren 06.04.2020:

*«Vi stadfester å ha motteke henvendinga nedanfor. Vi gjer merksam på at det er brukt feil e-post adresse til oss: kontrollutvalget@vlfk.no. Rett e-post adresse er [kontrollutvalet@vlfk.no](mailto:kontrollutvalet@vlfk.no).*

*Vidare gjer vi for ordens skuld merksam på at kontrollutvalet ikkje er eit klageorgan. Før saka eventuelt vert lagt fram for kontrollutvalet har vi følgjande spørsmål:*

*Er saka teke opp med Vestland fylkeskommune ved fylkesrådmannen og kva svar har du i tilfelle fått der?*

*Neste møte i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune skal haldast 21.04.2020. Dersom saka i tilfelle skal rekka det møtet må vi ha svar relativt raskt.»*

Vi mottok slikt svar same dag:

*«Saken har vært tatt opp med Fylkesrådmannen i tidligere Hordaland fylke i et brev fra Austevoll Senterparti. I brevet ble også andre samferdselssaker (som forskjeller i billettpriser på snøggbåt og urimelig soneinndeling for buss) tatt opp, men disse har vi ikke tatt med i vår henvendelse til kontrollutvalget. Fylkesrådmannen svarte 22. mai 2019 (se vedlegg), der forskjellene i frekvens og åpningstid på fylkesfergene begrunnes med historiske forhold, lengde på strekning og transportbehov.*

*Vi mener å ha dokumentert at Austevoll har ett av de største transportbehovene i fylket, særlig med tanke på næringslivet. Vi mener også at historiske forhold ikke kan brukes som argument for å la være å rette opp i skjevhetene. Som vi argumenterer for i vår henvendelse til kontrollutvalget må objektive mål benyttes i utformingen av fergetilbudet i fylket.»*

Vedlegget ligg ved som vedlegg 2.

**På bakgrunn av dette handsama kontrollutvalet saka i møte 21.04.2020 der det vart gjort slikt vedtak:**

- 1. Kontrollutvalet ber om fylkesrådmannen sitt skriftlege syn på «Klage vedrørende fergetilbod til Austevoll kommune» til møte 08.06.2020. Det skriftlege svaret vert å levere sekretariatet innan 18.05.2020.*
- 2. Kontrollutvalet ber også om at fylkesrådmannen orienterer munnleg om saka i møte 08.06.2020.*
- 3. Kontrollutvalet tar henvendinga med seg som eit innspel i risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) som skal ligga til grunn for plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024, som kontrollutvalet no er i gang med.*

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet kan avgjere om dette er ei sak for utvalet, ref. kommunelova § 23-2.

### Vurderingar og verknader

På bakgrunn av punkt 1 i vedtaket over mottok vi 27.05.2020 vedlagte notat frå fylkesrådmannen dagsett 12.05.2020, jf. vedlegg 3.

Sekretariatet har merka seg at det i notatet m.a. går fram at Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har presisert følgjande når det gjeld den nye ferjestandarden frå 2018:

*«KMD bruker ferjestandarden til å beregne ett av flere kriterier i kostnadsnøkkelen som brukes til å fordele rammetilskuddet mellom fylkeskommunene. Fra KMDs side er ikke standarden ment som en anbefaling for hvordan ferjerutene bør legges opp. Dagens ferjekriterium ble først tatt i bruk i 2018, og i kommuneproposisjonen 2018 står det følgende på s. 72:*

*En forutsetning for det nye ferjekriteriet er at beregningene tar utgangspunkt i en felles standard eller norm for ferjetilbudet, f.eks. når det gjelder antall avganger, åpningstid og mål for akseptabelt nivå på gjenstående trafikk. Hensikten med standarden er å måle alle ferjesamband ut fra et felles referansegrunnlag, og standarden må ikke oppfattes som statlige anbefalinger om hvordan ferjetilbudet skal organiseres lokalt. Fylkeskommunene står helt fritt til å legge seg på et høyere eller lavere servicenivå enn det som framgår av standarden.»*

Vidare har sekretariatet merka seg at fylkesrådmannen i notatet skriv dette i punktet «Vidare planar for utvikling av ferjetilbudet»:

*«Hovedregelen er at det årleg blir gjennomført ruterevisjonar med vurdering av innspel som har kome til oss. Første større gjennomgang av rutene vil vere august 2021, men der det frå hausten 2020 er planlagt at det vil vere mogleg å gjennomføre mindre justeringar.*

*Innspel til rutetilbudet for ferjene vil kunne bli vurdert nærare i samband med ruteendringar frå august 2021. Det vil i det vidare også vere naturleg å sjå samla på ferjetilbudet i Vestland fylkeskommune og ikkje berre innafor tidlegare Hordaland. Alle vesentlege endringar i tilbodet vil generelt bli lagt fram for hovudutval for samferdsle og mobilitet og fylkesutvalet til vedtak.»*

Det er også avtalt at fylkesrådmannen kjem i møtet for å orientere munnleg om saka.

## **Konklusjon**

På bakgrunn av det som går fram over, og dersom det ikkje kjem fram noko vesentleg nytt i fylkesrådmannen si munnlege orientering i møtet, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering. Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet ikkje går vidare med saka men seier seg ferdig med den.

Det vert likevel vist til punkt 3 i vedtak frå møte 21.04.2020 der kontrollutvalet vedtok å ta henvendinga med seg som eit innspel i risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) som skal ligga til grunn for plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024.